

Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5275 - 20/66662

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
22.10.2020

Oversender vedtak om dispensasjon til endeleg klagebehandling - gbnr 137/184 Alver

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 137/184
Adresse: Alver
Eigarar Anita Ergeland Risa og Øystein Risa
Klagar: Øystein Risa

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er avsett til naustområde på land og bruk og vern av sjø.

Eigedomen ligg og i nærleiken til omsynssone friluftsliv – Kyststien jf. Føresegna § 4.2.2. (H530_8).

Tiltaket krev dispensasjon frå forbodet mot kaianlegg i arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner» i føresegna til KDP § 3.5.

Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak, i sak 20/5275, datert 21.06.2020 om avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» i kommunedelplan for Knarvik-Alversund for etablering av kai på eigedomen. Kaien er opplyst på situasjonsplanen å vere ca. 46,7m².

Vedtaket for avslaget på etablering av kai har følgjande ordlyd:

«Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandssone», i kommunedelplan Knarvik_Alversund, for oppføring av kai i sjø på gnr. 137 bnr. 184.»

Det er i same vedtak, datert 21.06.2020, gjeve dispensasjon for etablering av naust og slipp.

Vedtaket for dispensasjonen på etableringa naust og slipp har følgjande ordlyd:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrense mot sjø, og krav om reguleringsplan i kommunedelplan Knarvik_Alversund, for oppføring av naust og slipp på gnr. 137 bnr. 184 i Alver kommune.»

Vedtaket om dispensasjon for oppføring av naust er sendt til klagevurdering til Fylkesmannen i Vestland i skriv, datert 08.07.2020.

Noverande klage på avslaget på dispensasjon gjeld kun etablering av kai.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over delegert vedtak i sak i sak 20/5275, datert 21.06.2020.

Klagerett og klagefrist

Som part i saka har man klagerett.

Klagen er mottatt 30.08.2020. Klagefristen er avbroten innan rett tid, sjå skriv frå administrasjonen datert 27.08.2020. Klagen er mottatt innan fristen.

Handsaming av klage

Før handsaminga av klagen vart Utval for areal, plan og miljø orientert om følgjande: For nabotomt –gbnr 137/689- er det vist til at det ikkje er gjeve løyve til naust og kai. Naust og kai er imidlertid gjeve løyve. Ved en inkurie så er ikkje løyve registret på naustetomta, men på bustadeigedomen gbnr 137/175.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 14.10.2020 i sak 132/20, der Alver kommune sitt vedtak datert 21.06.2020 i sak 20/5275 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«APM- 132/20 Vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følge og vedtak i sak 20/5275, datert 21.06.2020, vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Korrigererte opplysningar om naboeigedom til APM 14.10.20 - gbnr 137/184 Alver
Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av kai i sjø - gbnr 137/184 Alver
Klage på vedtak - gbnr 137/184 Alver
SV Klage sak 205275
Klage sak 20-5275 gnr-bnr 137-184 Alver Kommune_30.08.2020
Dispensasjon til oppføring av naust og slipp - gbnr 137/184 Alver
Uttale - gbnr 137/184 Alver - naust kai og båtopptrekk - dispensasjon
Søknad om dispensasjon - GBNR 137/184 Alver
E-postmelding - Søknad om dispensasjon - gbnr 137/184
Vedlegg 2a,b,c,d,e__tegninger og bilde.
Vedlegg 3_Ikke gjeldene nabovarsel. datert 04.02.2020
Vedlegg 4_Nabovarsel__GJELDENDE
Vedlegg 5_Kommentarer til merknader
Vedlegg 6_Forhåndsuttalelse Bergen Havnevesen
Vedlegg 7_Side 25 i ``Forstudier til kommande kyst-sti
Uttale til søknad om dispensasjon gbnr 137/184 Alver

Kopi til:

Astrid Remme	Tuftamyra 13	5911	ALVERSUND
Bjørn Johnny Vågenes	Gamlastøa 12	5911	ALVERSUND
Egil Remme	Tuftamyra 13	5911	ALVERSUND
Mary Alvida Straume c/o Vigdis Straume	Slømbevegen 18	5137	MJØLKERÅEN
Øystein Risa	Gamlastøa 11	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------	--------------	------	-----------